




Sogningar og fjordingar; stem på Raudt Vestland i fylkestingsvalet 2019



Páll H Hannesson, Indre Sunnfjord

Vi er heilt imot at Førdefjorden skal brukast til deponi for gruveavfall.

Raudt vil prioritere utbetring og rassikring av vestlandsvegane framfor meir motorveg i andre deler av landet.



Einar Rysjedal, Høyanger


Vindkraftutbygginga må stoppast - også der det er gitt konsesjon. Vindindustrien øydelegg naturlandskap, miljø og friluftsliv for at private, ofte utanlandske, kapitalinteresser skal profitere. Den fører også til auka straumprisar som først og fremst rammar dei som er økonomisk vanskelegstilte frå før.

Raudt vil ha eit toprissystem på straum - overkomeleg pris på normalforbruk og høg pris på luksusforbruk.





Her er listekandidatane frå Sogn og Fjordane som vil slåst for dei viktige sakene i det nye storfylket Vestland. Du treng stemma vår – og vi treng stemma di!



Anders Hamre Sveen, Stryn

Raudt vil oppretthalde alle dei vidaregåande skulane - dei mindre skal ikkje ofrast for skulane i sentrale strok.

Fylkeskommunen må gjennom m.a. innkjøpspolitikken bidra til eit arbeidsliv og bedrifter med tariffavtalar, med faste og heile stillingar og med lærlingordning.

Vi vil arbeide for at fylkeskommunen gjennomfører forsøk med sekstimars arbeidsdag.

Fylkeskommunen skal berre bruke overnattings- og serveringstadar med landsdekkande norsk tariffavtale.

Bente Øien Hauge, Lærdal

Raudt vil styrke akuttberedskapen ved lokalsjukehusa og gjenopprette fødetilbod i Nordfjord og Lærdal. Men for å få orden på styringa av sjukehusa våre, må helseforetaka avskaffast. Sjukehus er ikkje butikk!

Få tannhelse inn som ein del av helsetenesta med normale eigenandeler, slik at vanlege folk kan få den hjelpa dei treng utan å bli ruinert.

Fattige familiar må få behalde barnetrygda, sjølv om dei får sosialhjelp eller anna støtte.



Jeanette frå Bergen og Terje frå Odda toppar fylkestingslista for Raudt Vestland

Jeanette Onarheim Syversen:

Raudt vil krevje at eit nytt stortingsfleirtal opphevar samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi gjer det fordi vi er mot sentralisering av tenestetilbod, makt og velferd.

Det meir folkerike Hordaland og Bergen skal ikkje få bruke si kjøtvekt til å svekke det som arbeidsfolk og folkevalde har bygt opp i Sogn og Fjordane. Raudt vil la seg styre av lokalsamfunna og kommunane sine behov ikkje av statsmakta sine innstrammingar.



Terje Kollbotn:

Raudt vil ha levande lokalsamfunn med arbeidsplassar baserte på vasskraft og lokale ressursar.

Vi vil avgrense krafteksperten og nettleiga, og stoppe ACER/EØS si overstyring.

Meir av råvarene skal forelast i Noreg og eksport av arbeidsplassar må stoppast. Vi støttar Industriaksjonen og vil bruke Oljefondet for å skape alternativ til oljencæringa.

Power to the people - krafta er vår!

Sogningar og fjordingar sitt distriktsstyre i Raudt Vestland

Leiar Ingunn Kandal, e-post inkan@online.no, mobil 46477723

Kontakt oss gjerne på Facebook

www.facebook.com/raudtsognogfjordane/

